



ngjer sokneråd

Årsmelding 2025

Høyanger sokneråd er samansett slik:

Leiar: Vidar Myren
Nestleiar: Edel-Marie Johansen
Medlem: Elisabeth Johansen
Medlem: Torsten Ronny Müller
Medlem: Aud Saxrud
Sokneprest: Andreas Ester

Medlemmar i Høyanger kyrkjelege fellesråd :
Vidar Myren, Torsten Ronny Müller. Elisabeth
Johansen (1.vara)

Personalsituasjonen

Sokneprest: Andreas Ester
Prost: Knut Magne Nesse
Organist: Peter Tiborc Jobbagy
Kyrkemusikar: Harald Dahlstrøm
Kyrkjeverje: Stig Jonny Fitje
Sekretær: Renate Ørnehaug
Dale (i permisjon frå mars)

Fatima Shaaban (Aya) (vikar frå hausten)

Diakon: Inger Cesillie Fitje
Kyrkjetenar: Irene Aasse Årseth
Klokkar: Irene Aasse Årseth

Møteverksemd

	2025
Tal soknerådsmøte:	5
Tal saker behandla:	16
Tal frammøtte på årsmøte	6
Tal soknemøte:	1

Konfirmasjon

I Høyanger sokn vart 23 konfirmerte. Vi opplever at det er god oppslutnad om kyrkjeleg konfirmasjon i soknet.

Dåp

Det vart døypt 6 born i Høyanger kyrkje. Ved dåpen vert det gjeve eit lys og dåpsklut.



Kyrkjemusikk i 2025

Det vart ikkje arrangert konsertar i regi av menigheta i 2025.

Det vart arrangert 2 konsertar i regi av andre med til saman 565 deltakarar.

Kyrkjeleg årsstatistikk Høyanger sokn i tal

	2021	2022	2023	2024	2025
Tal gudstenester	24	28	21	22	20
Frammøtte	694	1152	903	1095	1322
Gudstenestar med nattverd	3	1	2	0	6
Nattverdsgjester	15	12	30	0	122
Døypte	1	5	10	6	6
Konfirmantar	12	18	11	21	23
Gravferder	24	21	21	16	38
Vigslar	1	1	0	2	0
Andaktar ved Høyanger sjukeheim	1	6	16	16	20

Økonomi

Økonomien til soknerådet er avhengig av offergåvene som går til eige arbeid. Inntektene frå offergåver dekker ikkje utgiftene soknet har.

Rekneskapen for 2025 viser eit underskot på kr. 3.504,38 som blir dekkja av fondet. Det er no på kr. 88.578,44

Takkoffer, eiga verksemd kr. 5.660,-

Takkoffer, til andre kr. 6.651,-

Fasteaksjonen kr. 8.152,-

Kyrkjens medlemsregister:

I Høyanger sokn har 5 personar meld seg ut, og 0 personar har meldt seg inn, utanom dåp.

Sorggruppe

Dette har vore i samarbeid med Sunnfjord, og har vore arrangert av Sunnfjord.

Trusopplæringatiltak 2025

Kyrkja har i 2025 invitert til babysang i Høyanger kyrkje annankvar tysdag. Det har vore deltakar frå heile Høyanger kommune. Det har vore utdeling av 4 årsbok og 6 årsbok, Det har vore tårnagentar og minikonfirmantar. Vi hadde julespel i kyrkja. Der dei eldste

barnehageborna og elevane i 1. klasse i skulen, var gjestar. Diakon har hatt 20% stilling som trusopplærar. Arbeidet har vore gjort med hjelp frå frivillige.



Soknerådet

Soknerådet har handsama 16 saker i 2025

Soknerådet har faste sakspostar på programmet som handsaming av offersøknad til gudstenestene, møteplanlegging, årshjul, m.m.

Fasteaksjonen

Konfirmantane deltok i innsamlinga. Til saman fekk dei inn kr. 8.152 til Kirkens nødhjelp.

Misjonsprosjekt i Estland

Kyrkjebø og Høyanger sokn har felles misjonsprosjekt i samarbeid med NMS. Det er kyrkjelydane i ein bydel i Tallin og forstaden Baku. Det vert bygd kyrkje og kyrkjelyd og det satsast spesielt på barn og unge. Gjennom offergåver kom det inn kr. 1.730 til prosjektet.

Open kyrkje i 2025

Høyanger sokneråd har hatt tilbod om open kyrkje om somaeren i perioden 21.06– 16.08. Tilbodet var laurdagar mellom 13-15.. Tilbodet var 9 gonger. Ein del av dei besøkande var turistar. Tilbodet vart gjort kjent via plakatar, Ytre Sogn avis og nettsida til Visit Sognefjord. Vi har fått hjelp av frivillige for å ha dette tilbodet.

Klokkene ringjer for fred

Torsdag 07.08 kl. 15:00 vart det ringt for fred. Dette var for å markere stønad til dei sivile i Gaza. Kyrkja var også open, for dei som



ønskte å tenne eit lys. Dette var etter oppmoding frå biskoppene.

Dugnad på gravplassar

Det vart ikkje organisert dugnad på gravplassane i 2025.

Sluttord

Soknepresten har forretta gudstenestene, og organist og kyrkjemusikar har vore ansvarleg for det musikalske. Soknerådet har vore kyrkjevertar ved behov. Diakonen har halde andaktar på Høyanger sjukeheim. Kyrkja er med i glede og sorg. Dei tilsette ønskjer å vere på tilbodssida og yte så god service som mogeleg. Staben er liten, men leverer veldig godt arbeid.

Årsstatistikken viser at tal på gudstenester i 2025 var 20 totalt. Det er 2 mindre enn i 2024. Det var gudstenester på søn- og heilag dagar og gudstenester på andre dagar. Oppmøte på søn- og heilag dagar var 575. På andre dagar var det eit oppmøte på 747.

Kyrkjelydsbladet Helgestunder kom i 2025 ut med 3 nummer. I redaksjonen sit Sturla Bell-Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo og Andreas Ester

Høyanger sokneråd er takksame for det gode samarbeidet med kommunen. Kyrkja opplever stor velvilje og godt samspel.

Soknerådet retter ein stor takk til Førdefirmaet Anleggsgartner Baarøy AS som har ansvar for stell av gravplassane i Høyanger.

Med skiftande tider og skiftande behov er det viktig at kyrkja evnar å tilpasse seg slik at vi som bur i Høyanger til ei kvar tid opplever at vi har ei levande og nærverande kyrkje bland oss. Det forutset at vi evnar å tenke nytt og invitere til større samarbeid med andre aktørar i soknet.

Høyanger sokneråd ber om og tek med takk i mot forslag om aktivitetar de kunne tenkje var verd å prøve. Det trengst og frivillige til å vere med på arbeidet med barn og unge.

Kyrkja treng engasjement og folk som vil vere med å forme framtida.

Takk til alle dykk som har vore med på å støtte kyrkja sitt arbeid!

Høyanger 20.03.26

Høyanger sokneråd

Vidar Myren
leiar i 2025